



Alver kommune - Plan og byggesaksavdelinga  
Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 5ffb6a37-38d1-41bf-8f32-  
572f7d083eea

Vår: 20/16734 - 20/73612

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

17.11.2020

## **VA-anlegg ved Håøy friluftsområde - gbnr 1/10 Flatøy - uttale kultur**

Viser til førespurnad om å koma med uttale til VA-anegg ved Håøy friluftsområde datert 7. oktober. Saka gjeld søknad om etablering av VA-ledningar ved Håøy friluftsområde i samband med oppussing av Kommandantbustaden med sikte på utleige

Håøy er eit svært viktig friluftsområde i Alver kommune. Området er eit av dei mest brukte turområda, og er også svært populært for padlarar og andre som kjem sjøvegen. Det er fleire grunnar til at området er populært; både plasseringa nært Knarvik, Frekhaug og Åsane, friluftslivskvalitetane til området, stor parkeringsplass og bussamband, men og historien til og kulturminna på Håøy.

Håøy har ei særleg spenande militær historie. Håøytoppen var tidlegare ein av vetestadane kring Bergen, og kan ha vore tatt i bruk allereie i Håkon den gode si tid kring 950. Håøy er i alle fall nemnd som vetestad i 1183 i Sverres saga. Flatøy har også ei militær historie i nyare tid. I kulturhistorisk vegbok kan me lesa: «*Mot slutten av 1800- talet vart Håøy forsvarsanlegg bygt ut, medan vi enno var i union med Sverige. Anlegget var også eit ledd i forsvaret av byen og høyrde til Bergen ytre festning. Ved Håøysundet låg mineavdelinga som kunne utløysa dei minene som var utlagde i sundet. På Håøytoppen var det ei artilleriavdeling med kanonstillingar, lyskastaranlegg og signalstasjon.*» Det er i tillegg veg heilt opp til Håøytoppen som vart etablert samband med utbygginga av militæranlegget på toppen som gjer tlfkomsten både lett og interessant. Kommandantbustaden som høyrer til militæranlegget ligg lengere nede mot sjøen vart bygd på slutten av 1800-talet. Dette er den einaste bygningen som i dag står att på Håøy.

Me vurderer at militæranlegget på Håøy som også omfattar kommandantbustaden har svært høg kulturminneverdi. Kommandantbustaden er ute av bruk og forfell raskt der den står utan straum og utan at nokon nyttar den. Om ein skal klara å ta vare på bygningen er

det avgjerande at ein finn ein måte å ta den i bruk, og at infrastruktur som straum, vatn og avløp ligg til rette for dette. Bygget er stort, og me vurderer såleis at planane om å dela inn bygget i fleire ulike delar med ein del som kan brukast som korttidsleige som t.d. eit kystledhus, ein del som kan brukast som forsamlingslokale for lag og organisasjonar og ein del som står open er en føremålstenleg måte å bruka huset på. Det er ikkje snakk om kommersiell utleige, men korttidsleige etter same prinsipp som t.d. DNT-hyttene der ein kan leiga sengeplassar eller heile bygget på døgnbasis. Ein slik bruk vil vera foreinleg med dei kulturhistoriske kvalitetane til bygget då ein vil kunna oppretthalda romdelinga i den eldste delen. Ein slik differensiert bruk av bygget vil også tilføra Håøy endå fleire kvalitetar som friluftslivsområde.

Me vurderer planane som ligg føre som positivt både for friluftslivs- og kulturminneverdiane i området.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune - Plan og  
byggesaksavdelinga

Postboks 4

5906

FREKHAUG